

“Sjå, hu smile!”

- Om å sjå og møte born med behov for ekstra tilrettelegging



Av [seniorrådgjevar Herlaug Hjelmbrække](#), MTK. Artikkelen har tidligare vore publisert i *Spesialpedagogikk* nr 3/2011

Det er kvilestund i barnehagen. I ein sovesofa ligg tre småjenter under det samme teppet. Det er tid for å roe seg ned og kvile litt, vere stille, sjå litt i ei bok eller berre ligge å tenke. Dette skal vere ein fredeleg pause for alle. Jenta i midten heiter Lotte, ho har dei andre jentene tett inntil seg. Lotte ligg og lyttar. Ho rettar først merksemda mot den eine jenta, for så å vende seg mot den andre. Dei andre jentene held kvar si bok i hendene sine. Dei kan boka utenat og begge “les” halvhøgt. Stemmene til jentene summer like ved ørene til Lotte. Orda, tonefallet, og skilnaden på stemmene gjer henne merksam og interessert. Ho orienterer seg vekselsvis mot begge. Vi kan sjå at alle tre koser seg. Lotte ser våken og opplagt ut, og det ser slett ikkje ut som om ho vil sove. Dei to andre ser også fornøgdde ut. Dei likar å vere litt store jenter som les høgt for Lotte som ikkje kan lese. Ho kan heller ikkje delta på samme måte som dei to andre jentene.

På grunn av omfattande funksjonsnedsettingar er det vanskeleg for Lotte å ta initiativ til aktivitetar som å sjå i bok, forflytte seg, leike, eller snakke med noen. Men på sin måte kan ho kan kommunisere med dei rundt seg, for om alt leggst godt til rette slik at dei som er rundt henne oppfattar språket hennes, kan ho klare å bruke noen av ferdigheitene ho har. Det er tydeleg at denne situasjonen i sofaen er ei god ramme for at ho skal vere deltakande og aktivt med i aktiviteten. Stemmene til dei andre jentene vekker henne, og den oversiktlege settingen og tette kontakten engasjerer og stimulerer henne til initativ og aktivitet. Dei andre jentene ser at Lotte følger med. Med litt hjelp av dei vaksne utvider dei aktiviteten og gir også Lotte ei bok som ho kan halde i. Men Lotte ikkje kan halde boka sjøl, så jentene arrangerer det slik at boka står støtt, og dei legg hendene til Lotte bort til boka slik at ho sjøl kan støtte den opp. Dette er det beste Lotte veit, at barn er engasjerte rundt henne, at dei tar på henne, bruker stemmene sine, og er tett innpå henne slik at ho kan kjenne på kroppen at ho er med,

midt i aktiviteten. På grunn av funksjonsvanskane treng ho god tilrettelegging for å bli stimulert til aktivitet og for å vere tilgjengeleg for kommunikasjon.

Det var i relasjonen til andre born eller vaksne ein kunne sjå kven Lotte var. Da såg vi at ho vart interessert og engasjert. Ho viste engasjementet sitt i form av emosjonelle uttrykk, blick- eller hørsels-retting, rørsler, eller spenningar i kroppen. Både indre og ytre faktorar hadde betydning for at ho skulle vere tilgjengeleg for kontakt og samspill (Jacobsen, 2006). For å lage gode vilkår for kommunikasjon måtte dei vaksne ta ansvaret for å legge til rette ut i frå Lotte sine føresetnader. I starten var Lotte og spesialpedagogen Gry mest inne på eit eige rom, for på dette tidspunktet var det ei oppfatning at Lotte trong mykje ro og kvile. Her sov ho seg gjennom dagen. Etter ei tid la personalet merke til at ho kvikna til når ho var inne på avdelinga med dei andre borna. Dei begynte derfor gradvis å ta henne med i aktivitetar saman med dei andre. Dette førte henne inn i ein heilt annan tilstand, ho heldt seg vaken i lengre periodar av gongen og det såg ut som om opplevingane stimulerte henne til eit heilt anna engasjement (Jacobsen, 2006). Å vere vaken og tilgjengeleg for kontakt var ein føresetnad for den gode kommunikasjonen, og for at Lotte skulle ha ein god kvardag i barnehagen. Språkmiljøet rundt henne og kvaliteten på relasjonane ho levde i var også av stor betydning for trivselen og gleden hennes. Når ho var ho roleg og vaken var ho aller mest tilgjengeleg for kontakt (Smith og Ulvund, 1991), og det var da grunnlaget for læring og positiv utvikling var best.



Gabriel, dialogens mester

Lotte hadde stor glede av å gå i barnehagen saman med dei andre borna. Ho hadde diagnosen Metakromatisk Leukodystrofi (MLD), ein alvorleg og progredierende sjukdom som førte til at ho gradvis mista mange funksjonar. Dette førte blant anna til at mange ferdigheiter vart borte, og den negative utviklinga gjorde det vart vanskelegare å tolke dei uttrykka ho hadde. Ansiktsmimikken og kroppsspråket vart utydelegare og svakare. Dei som kjende henne, og tolka henne godt, såg likevel tydelege tegn på at ho retta merksemda mot aktivitetane rundt seg. Lotte kunne ikkje utnytte synssansen sin, men hadde god hørsel. Det

aktive språkmiljøet, støyen, og alle aktivitetane ho kunne høyre og kjenne tett innpå seg, stimulerte og vekke henne. Ho vart også gladare, og smilet kom oftare enn før.

Barnehagemiljøet var nærverande i Lotte sitt sinn, det opna opp, vekke henne og gjorde henne meir tilgjengeleg for kommunikasjon og samspill med alle rundt seg.

Lotte viste at ho hadde favorittar blant dei andre barna. Hørde ho stemmene til noen ho kjende godt, strålte ho. I enkelte aktivitetssettingar kunne ho smile frå øre til øre, noe som også førte til glede rundt henne. Da kunne dei andre borna i rein begeistring uttrykke: ”Sjå, hu smile!” Dette opna for ein viktig diskusjon. Korleis kunne dei legge til rette for at Lotte fekk meir av det som gjorde henne så glad, og tilgjengeleg for kontakt? Dei tolka det positive kroppsspråket hennes som eit tegn på god livskvalitet. Gjennom systematiske video-opptak



Med litt hjelp kunne Lotte delta

med påfølgande refleksjon og analyse, starta barnehagepersonalet ei bevisstgjerjing i å tolke Lotte bedre, og sjå nærare på sin eigen praksis. Kva var det dei gjorde når ting fungerte godt? Målet var å få auge på både Lotte sine og egne bidrag i dialogen, slik at dei kunne legge til rette for at det ho likte skulle fylle dagen hennes større grad.

Dette vart eit vendepunkt, frå da av var Lotte på rommet sitt berre når ho trong ekstra ro rundt seg. Ho kommuniserte aller best når ho var saman med andre barn. I samlingsstund, leikeaktivitetar, lesestund, måltid eller når dei sang. Stemmene og det aktive språkmiljøet engasjerte henne, og når ho hørde

stemmen til barn ho likte spesielt godt var smilet ekstra hjarteleg. Generelt var det tydeleg at god atmosfære kvikka henne opp, og ho likte seg svært godt når det var litt kaos, med støy og latter rundt henne. Ho likte også godt at dei andre barna handleia henne. Å ta på henne hadde fleire funksjonar. Fordi ho hadde mange helseplager var det viktig å tolke henne så godt at dei kunne ta omsyn til behova ho hadde. Ved å halde rundt henne og kjenne på spenningane i kroppen hennes, kunne ein lettare tolke henne, og for dei som kjende henne godt kunne dei også tydeleg sjå på kroppsspråket og uttrykket i augene korleis ho hadde det. Lotte koste seg med nærleik og god kroppskontakt.

Borna likte å ha Lotte hos seg, dei var omsorgsfulle og naturlege i sin omgang med henne, og med dei vaksne som modellar lærte dei raskt (Tharp og Gallimore, 1988). Dei var ivrige i å hjelpe henne i leiken, og dei snappa raskt opp kva dei vaksne gjorde i ulike situasjonar. Med henne i miljøet var det lettare å bruke sider av seg sjøl som handla om omsorg og støtte, og personalet uttrykte at dette var noe som gjorde miljøet rikare (Befring, 1997). Det å legge til rette for Lotte kom også dei andre barna til gode. På eit video-opptak ser vi korleis ei lita jente stopper opp når Lotte begynner å hoste. Ho ser omsorgsfullt på henne, og banker henne forsiktig på brystet. Ho stiller seg så ved sidan av henne og held henne forsiktig i handa til ho er ferdig å hoste. Ifølge personalet i barnehagen la slikt samspill det beste grunnlaget for kontakt. Dette samveret ga gode emosjonelle opplevingar som regulerte Lotte i forhold til omverda og gjorde henne meir våken. Jakten på stadig nye positive aktivitetar fortsatte og dei tok opp stadig fleire situasjonar på video for å kartlegge kva som fungerte godt.



Lotte liker at Julie tar på henne

Videodokumentasjonen løfta og synleggjorde den usynlege kunnskapen i barnehagen, den ga også idear til nye aktivitetar. Det dukka opp mange eksempel på omtanken barna viste, og følgjande situasjon er eit av fleire eksempel. Inne på avdelinga står ein av gutane lent inntil Lotte som sit i stolen sin. Han står tett inntil henne og stryk henne varsamt over håret. ”Lotte like det når æ gjør sann” seier han sakte, og

ser henne omsorgsfullt inn i ansiktet. Det er tydeleg at begge koser seg. Den vesle guten liker å vere god med Lotte og kjenner seg nok betydningsfull også. Han kjenner henne og veit godt kva ho liker. Med god tilrettelegging og støtte frå dei vaksne er han trygg nok til å bruke ferdigheitene sine. Lotte på si side har eit fornøgd og blidt uttrykk i ansiktet. Kroppskontakten, nærleiken og stemmen hans er eit språk ho liker, det vekker og stimulerer henne.

Viljen til å finne løysingar var stor, og assistenten, spesialpedagogen og avdelingsleiaren tok ansvaret for å legge til rette. Styraren i barnehagen deltok på møtene og

var ei god støtte. Dei ønska gode og fleksible aktivitetar tilpassa Lotte slik ho likte det for at ho kunne delta. Der Lotte var med utvida dei andre borna repertoaret sitt både i kommunikasjon og samspill. Når dei snakka til henne tok dei ofte på henne, la stemmen i eit mildt leie, og hadde eit positivt uttrykk i kroppsspråk og stemme. Dei kunne også bruke tegn, og framfor alt naturleg kroppskontakt i dialogen med henne. Fordi Lotte sjøl ikkje snakka med ord, kunne dei sette ord på det dei meinte ho ville svare. Også litt tøffe born vart mjuke og omsorgsfulle i sin omgang med henne, det virka som om ho appellerte naturleg til omsorgsevnen deira.

Også i leikeaktivitetane som borna organiserte var Lotte ofte hovudpersonen, og dei fordelte rollene i leiken ut i frå dette. Ein situasjon frå leikestua er ein god illustrasjon. Borna er i ferd med å gå inn dit for å leike, og assistenten Tina bestemmer seg raskt for at ho vil trille Lotte inn og plassere også henne der. Det er eine og aleine borna som har regien i leiken som utvikler seg. Tina filmar gjennom vinduet og deltar i dialogen. Alle fire borna, inkludert Lotte, sit tett saman, med bøtter, spader, koppar og kar. Dei begynner straks å lage ”mat”. Sand og vann blir fylt i bøttene medan dei prater om måltidet dei lager. ”Æ lage mat te Lotte” seier ein av gutane. Kroppsspråket til Lotte viser at ho er med, ho rettar seg mot det som skjer og mot stemmene til den som snakkar. Det er slik at ein kan fornemme at ho har ”ørene på stilkar” for å få med seg alt. Når borna klappar sanda saman i bøttene er det som om taktfaste rytmer fyller leikestua, og når dei hentar meir sand eller går bort til Lotte med maten, lager leikedressane ein fin gnisselyd. Lotte sit nesten og strekker hals for å få med seg det som skjer. Men det som utløyser den største gleden er stemmene til borna. Dei diskuterer flittig, ler av seg sjøl, og slår spadene mot sanda når bøttene er fulle. I samtalen blir namnet Lotte hyppig uttrykt etter som det er ho som skal ha all maten. Tina som filmar, assisterer ved å forklare, gi råd, uttrykke glede og gjere dei merksam på at også Lotte smiler (Tharp og Gallimore, 1988). Borna ytrer seg med ord, latter og kroppskontakt, og begynner å snakke om at Lotte nok blir veldig glad for maten. Lotte sit i stolen sin og deltar med med heile seg, ho gir svar med små rørsler, kropps- og hørsels-retting, og smil. Ho skil jamvel stemmene frå kvarandre. Ei av jentene i leiken er ei venninne av Lotte sin familie, og når denne jenta snakkar er smilet ekstra frydefullt. Slike felles opplevingar med dei andre borna førte til gjenkjenning og engasjement hos Lotte (Jacobsen, 2006).

Alle born har behov for å vere deltakande og engasjerte. Også for born med omfattande funksjonsnedsettingar er relasjonar til andre viktig for utvikling og læring. Men å



legge til rette for eit godt relasjonelt miljø for born med ulike funksjonsnivå kan vere ei utfordrande og krevande oppgåve. At kommunikasjonen med omverda blir vanskeleg kan ha mange grunnar, og det vil kreve entusiasme, god kunnskap, og ein stor porsjon motivasjon for å kunne utvikle kompetansen til beste for borna. Med gledesuttrykk og aktiv deltaking ut i frå sine føresetnader viste Lotte at ho fekk ei sterkare sjølkjensle av å vere aktiv og deltakande. Det at ho, og dei andre barna, vart møtt som subjekt la eit grunnlag for medmenneskeleg kontakt og konstruktive relasjonar i barnehagen (Bae, 2010). Det handlar om å kunne ta borna på alvor ved å tolke dei, observere kva dei uttrykker i form av handling, møte dei med respekt, og gi rom for opplevingane deira ved å møte dei som medmenneske.

Litteraturliste

Bae, B. (2010). Å se barn som subjekt – noen konsekvenser for pedagogisk arbeid i barnehage. I: S. Mørreaunet m.fl. (red.), *Inspirasjon og kvalitet i praksis*. Oslo: Oslo pedagogisk forum.

Befring, E.(1997). *Oppvekst og læring. Eit sosialpedagogisk perspektiv på barns og unges vilkår i velferdssamfunnet*. Oslo: det norske samlaget.

Jacobsen, K. (2006). *Kognisjoner. Emosjoner, helse og miljø i habiliteringsarbeidet – forslag til modell*. Nevropsykologi, 1, 9-13.

Smith, L. og Ulvund, S.E. (1991). *Spebarnsalderen*. Oslo: Universitetsforlaget.

Tharp, R.G. og Gallimore,R. (1988). *Rousing minds to life. Teaching, learning, and schooling in social context*. Cambridge: Cambridge University Press.